



Fylkesmannen i Sør-Trøndelag

Statens hus, 7468 TRONDHEIM

Sentralbord: 73 19 90 00

Besøksadresse: E. C. Dahls g. 10

Saksbehandler

Vigleik Stusdal

Kommunal- og beredskapsavdeling

Innvalgstelefon

73 19 92 82

Vår dato

05.02.2009

Deres dato

19.12.2008

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)

2008/9830-421.4

Deres ref.

Solem Hartmann AS
Erling Skakkes g. 49 b
7012 Trondheim

MOTTATT

11 FEB. 2009

Uttale - planprogram - reguleringsplan for Stav handel- og næringspark - Malvik kommune

Fylkesmannen har mottoke melding om igangsett reguleringsplanarbeid med planprogram for Stav handel- og næringspark. Vi har følgjande innspel til reguleringsplanprosessen:

- **Tilhøvet til overordna planar og føringar**

Planområdet er i arealdelen til kommuneplanen for 2002-2013, vedteken 27.01.03, sett av til byggjeområde for handel/service/industri.

Det er eit nasjonalt mål å leggje til rette for ei sterkare regional samordning av kjøpesenterpolitikken for å oppnå ei meir berekraftig og robust by- og tettstadutvikling og avgrense utsleppa av klimagassar. Fylkesmannen viser til "Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre", der det i § 3 går fram at: "*Kjøpesentre kan bare etableres eller utvides i samsvar med godkjente fylkesplaner eller fylkesdelplaner med retningslinjer for lokalisering av varehandel og andre servicefunksjoner. For områder som ikke omfattes av slik plan, er det ikke tillatt å etablere kjøpesentre med et samlet bruksareal på mer enn 3000 m².*"

I Sør-Trøndelag gjeld fylkesdelplan "Ny giv for Trondheimsregionen". Vi viser til Sør-Trøndelag fylkeskommune sin uttale til planoppstart/planprogrammet, der dei gjer greie for føringane i fylkesdelplanen. "Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre" forutset at lokalisering av kjøpesenter er i tråd med føringane som er gjevne i gjeldande fylkesdelplanar. Fylkesmannen gjer merksam på at vi vil vurdere motsegn til planforslag som er i strid med "Rikspolitisk bestemmelse for kjøpesentre" og heller ikkje kan forsvarast ut frå føremålet med denne. Vi vil kome tilbake med ei vurdering av dette når vi har meir informasjon om planforslaget og tilhøvet til fylkesdelplanen og arealdelen til kommuneplanen.

På bakgrunn av ovannemnde må reguleringsplanen med konsekvensutgreiing tydeleggjere kva type nærings-/handelsverksemd som er aktuell i området. Dette vil vere viktig for den endelege vurderinga vår av planforslaget. I konsekvensutgreiinga bør det i samband med drøfting av type næringsetablering (punkt 5.2 "samfunnsutvikling" i planprogrammet) også vurderast korleis ein vil leggje til rette for effektiv arealbruk. Dette er sentralt for å unngå press mot nærliggande areal og for å få til gode løysingar for gåande, syklende og kollektivt reisende. Det er elles positivt at endringar i klimagassutslepp og tilrettelegging for alle trafikkantgrupper er teke inn i planprogrammet.

	Embetsledelse og administrasjonsstab	Kommunal- og beredskapsavdeling	Oppvekst- og utdanningsavdeling	Sosial- og helseavdeling	Landbruk og bygdeutvikling	Miljøvern-avdeling
Telefon	73 19 90 08	73 19 90 00	73 19 90 00	73 19 90 00	73 19 90 00	73 19 90 00
Telefaks	73 19 91 01	73 19 91 01	73 19 93 51	73 19 93 01	73 19 91 01	73 19 91 01
E-post:	postmottak@fmst.no	Internett: www.fylkesmannen.no/st				

Fylkesmannen viser dessutan til at "Rikspolitisk retningslinje for samordnet areal- og transportplanlegging" skal leggjast til grunn for planlegginga for å oppnå betre samordning av arealplanlegging og transportplanlegging. Dette gjeld både i kommunane og på tvers av kommunar, sektorar og forvaltingsnivå. Det er eit mål at arealbruk og transportsystem skal utviklast slik at dei fremjer samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting med miljøvennlege løysingar, trygge lokalsamfunn og bummiljø. Det skal leggjast til grunn eit langsiktig, berekraftig perspektiv i planlegginga. Konsekvensutgreiinga bør synleggjere i kva grad planforslaget retter seg etter dette, og eventuelt gjere greie for avvik.

Fylkesmannen legg til grunn at planarbeidet vert sett i samanheng med Interkommunal arealplan for Trondheimsregionen (IKAP).

- **Landbruk og bygdeutvikling**

Til sjølve planprogrammet har vi ingen landbruksfaglege merknader. Ut over dette legg Fylkesmannen til grunn at det vert lagt opp til ei høg grad av arealutnytting for området. Dette for å forvalte knappe arealressursar på ein god og effektiv måte.

- **Miljøvern**

Området ligg mellom eit markaområde i sør og store utbyggingsområde for bustader i nordaust. Det vil på grunn av dette vere viktig at ein får kartlagt eventuelle stitrasear som er i bruk gjennom området i dag. Vidare bør ein sjå eventuelle eksisterande og planlagte grøntkorridorar i samanheng med markaområda i sør. Dette må vere gjort greie for og kartlagt i konsekvensutgreiinga. Det må også gjerast greie for eventuelle behov for omlegging og etablering av nye stisystem.


I det vidare planarbeidet bør det arbeidast med å få til klare grenser mellom byggeområde og landbruks-, natur- og friluftsområde. I konsekvensutgreiinga må det også vurderast i kva grad det er behov for å etablere grøntstruktur i planområdet.


- **Samfunnssikkerheit**

Ingen merknader.

Fylkesmannen gjer merksam på at dette er rådgjevande vegleiing og at det er kommunen som er planmyndegheit. Fylkesmannen vil koma tilbake med ein endeleg uttale når planen vert lagt ut til offentleg ettersyn. Vi tek atterhald om at det då kan ha kome til nye moment som endrar grunnlaget for vurderinga vår.

Med helsing


Brit Skjelbred (e.f.)
direktør


Vigneh Stusdal
plankoordinator

Kontaktpersonar: Landbruk: Oddgeir Myklebust, tlf. 73 19 92 76
Miljøvern: Harald Høydal, tlf. 73 19 92 14
Samfunnssikkerheit: Svein Horn Buaas, tlf. 73 19 91 79

Kopi:

Sør-Trøndelag fylkeskommune	Postuttak	7004	TRONDHEIM
Malvik kommune	Postboks 140	7551	HOMMELVIK